



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

**Møtedato:** 4. mai 2016  
**Stad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 13.40  
**Tilstade:** Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), David Pletten Aasgard (medlem), Cyril Marøy (medlem) og Ane Ottesen (medlem)  
**Innkalla:** Rådmann Jarle Landås (til sak 13/16 og 14/16) og økonomisjef Sveinung Kvamme (til sak 13/16)  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:**

.....

### 13/16 Uttale til årsrekneskapen 2015

Saksvedlegg: Årsrekneskap 2015, årsmelding 2015, Revisjonsmelding og Revisjonsrapport nr 13.

Økonomisjef og rådmannen møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2015, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

#### **Samrøystes vedtak:**

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Radøy kommune sin årsrekneskap for 2015:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Radøy kommune for 2015. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding for 2014 og revisjonsrapport nr. 13.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov. Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Netto driftsresultat er 12,4 mill. kr, det er 16,2 mill. kr høgare enn i 2014. Dette skuldast «ekstraordinære tilskot» som vert bokført først i 2016 på ca. 9 mill. kr, slik at driftsresultatet for den ordinære drifta er på 2,9 mill. kr. Det utgjer 1 % av driftsinntektene, og er under det nye målet om 1,75 % (forandra frå 3% pga. endra retningsliner for føring av mva-kompensasjon). Eit positivt netto driftsresultat har vore etterlengta og syner om ei god økonomisk utvikling i Radøy kommune.

Driftsutgiftene auka med 3 %, mens driftsinntektene auka med 8 % i 2015. Etter korrigering frå dei «ekstraordinære tilskota» vert det 5% auke i driftsinntektene i 2015. Dette er ei positiv utvikling.

Utgifter til lønn og sosiale utgifter aukar med 4 % i 2015. Note 22 viser at tal årsverk er 400 i 2015, ein nedgang på 14 årsverk frå 2014. Det er viktig med fortsatt fokus på å få ned sjukefråvære i Radøy kommune.

Den langsiktige gjelda til kommunen har auka med ca. 12,6 mill. kr i 2015, og den utgjør 68 % av driftsinntektene. Kommunen nyt godt av at der er eit lågt rentenivå.

Kommunen sin likviditet har vore stram, men er no i ein positiv retning. Kommunen har tidlegare gjort seg avhengig av ubrukte lånemidlar for å halde likviditeten oppe.

Kommunen sitt delegasjonsreglement i vedlegg 3 set krav om at avvik på dei ulike områda skal forklarast i årsmeldinga, dette er også eit krav i § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding. Avvika i høve til budsjett på dei einskilde einingane i 2015 er på alle område om lag 3 mill. kr under regulert budsjett. Det totale mindreforbruket frå fordeling til drift er på 3,3 mill. kr.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein betryggande kontroll og høg etisk standard. Likestilling vert omtala i note 22 i årsrekneskapet.

Årsrekneskapet oppfattas av kontrollutvalet som oversikteleg og med informative noter.

Revisjonsrapport nr. 13 peikar blant anna på:


- Formidlingslån
  - Nokre mindre avstemmingsdiferansar pr. 31.12.15
  - Justering av utrekningsmåte for ekstraordinære avdrag
- Balanse
  - Nokre mindre postar under kortsiktig gjeld i balansen er gamle
- Aksjar
  - Siste endring i aksjekapital er ikkje registrert i Brønnøysund


Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet reknar med at revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten vil bli følgt opp av administrasjon.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 30.03.2016 og revisjonsrapport nr. 13 datert 30.03.2016, har kontrollutvalet ingen andre merknader til årsrekneskapen for Radøy kommune for 2015.

Neste møte i kontrollutvalet er 30. mai kl. 09.00

Manger, 4. mai 2016

  
Arild Tveranger/leiar

  
Tonje Husum Aarland/sekretær

